

Om Musikkveka

På Musikkveka møtast **herlig korpsungdom** frå hele regionen til ei heil veke fylt med korps. Du får møte musikantar på ditt eige nivå, og du vil få **utvida horisonten** både **musikalsk og sosialt**. Kurset er for både deg som speler i brassband og for deg som speler i janitsjarkorps!

I tillegg til **samspel i korps**, vert det interessante **valfag, ensemblespill, musikkteori og instrumentalundervisning**.

Gløym heller ikkje den årlege **fotballkampen** mellom elevar og lærarar—eit prestisjetungt oppgjær!

Avslutningskonserten vert i **Sjøborg Kulturhus**.

Kurset kostar kr. 5.300,- og er for deg som er **født mellom 1997 og 2002**.

Påmelding

Påmelding skjer som vanleg på nettet. Få leiaren eller ein styremedlem i korpset ditt til å melde deg på via **korpsdrift.no**

Gje beskjed om du har lyst til å spele i **brassband eller janitsjarkorps**—om vi får nok deltakarar vert det begge deler på kurset!



Musikkveka 2016

SUNNMØRE FOLKEHØGSKULE

Ulsteinvik

1.-7. august 2016

Musikkveka bytar både tidspunkt og stad i 2016.


Det nye tidspunktet gjer Musikkveka til ein **perfekt oppkøyring til ein ny sesong** med heimkorpset ditt, med både **ambis og motivasjon** på topp til første øving. Vi håper også at det nye tidspunktet passar betre inn i sommarplanane, sidan kurset ikkje lenger ligg i fellesferien.

Fjordane Folkehøgskule var diverre ikkje ledig på det nye tidspunktet, men når vi først måtte flytte kurset, kva kan vel vere betre enn å flytte til Norges kanskje **finaste folkehøgskule**—Sunnmøre Folkehøgskule i Ulsteinvik?



Sunnmøre Folkehøgskule – Norges finaste folkehøgskule?

Musikkveka handlar sjølv-
sagt mest om musikk, men
det skadar vel ikkje at det
heile skjer på eit tidligare
SAS-hotell. Det er ikkje så
rart dei kallar seg



Norges finaste folkehøgskule.



Ein av fordelane er at
heile skulen er under eit
tak. Det betyr at du kan
gå frå rommet ditt til
matsal og klasserom utan
å ta på ytterklede.

Skulen har ny **musikkavdeling** med fellesrom og fleire **lydtette øvingsceller**, pluss lydstudio.

I internatfløya bur du på **nyoppussa rom med eige bad og dusj** og med ei fantastisk utsikt over havet. På kvar etasje er det **trådløst nettverk**, tv-rom og servicestasjonar med vaskemaskiner og tørketromlar. I kjellaren er det ei **elevstove** med mellom anna scene, **biljard og bordtennis**.



På tunet finn du skulen sin gymsal, og utanfor tunet er det lysløype som gir flotte forhold for å sykle, gå og jogge.

Lærarstaben

Musikalsk leiar og dirigent er også i år **John Philip Hannevik**

John Philip Hannevik har hovudfag i musikkvitenskap (MA) frå Universitetet i Oslo, og han arbeider på heiltid som dirigent, arrangør og utøvar. Han har leia brassband, janitsjarkorps, kor og symfoniorkester på toppnivå i Norge, og han har arrangert og dirigert på CD-innspelingar og konsertar for nokon av Norges fremste artistar, slik som



Sissel Kyrkjebø, Rein Alexander, Halvdan Sivertsen, Lars Martin Myhre, DDE og Bjørn Eidsvåg. Frå 2015 er han musikalsk leiar for Vestre Aker Musikkorps

Med seg får han ein stab av **særs dyktige lærarar**, med **høg kompetanse** på sine instrument og evna til å **inspirere** deltakarane til å utvikle seg vidare.

Førebels er desse namna klare:

Åge Jan Barlund – trombone

Thomas Aanonlie – slagverk

Finn Magnus Hjelland – euphonium og akkompagnatør

Fleire namn kjem etter kvart som vi får dei på plass. Lista vert oppdatert fortløpande på musikkorps.no.